



Gol kommune

Arkivsak-dok. 16/01570-10
Saksbehandler Hanne Cecilie Nes

Saksgang
Utval for natur og næring

1. GANGS BEHANDLING - DETALJREGULERING FOR BRÅTEN FJELLTAK - GNR. 24, BNR. 23

Saka vert avgjort av:

Utval for Natur og næring

Vedlegg:

Planbeskrivelse – Bråten fjelltak (M2), frå Hallingconsult, datert 22.01.2018
Reguleringskart Bråten massetak (Fjelltak), datert 22.01.2018
Bestemmelser til detaljregulering Bråten massetak (fjelltak), datert 22.01.2018

Ta kontakt med utbyggingsavdelinga eller sekretariatet dersom det er ønske om og behov for innsyn i fleire dokument.

Dokument i saka:

1. Oversendingsbrev frå Hallingconsult, privat forslag til detaljregulering Bråten fjelltak (M2) gbnr. 24/23 i Gol, datert 22.01.2018
2. Referat frå oppstartsmøte med kommunen datert 21.02.2017
3. Planbeskrivelse – Bråten fjelltak (M2), frå Hallingconsult, datert 22.01.2018
4. Reguleringskart Bråten massetak (Fjelltak), datert 22.01.2018
5. Bestemmelser til detaljregulering Bråten massetak (fjelltak), datert 22.01.2018
6. Merknader til varsel om oppstart,
 - a. Fråsegn til varsel om oppstart Bråten massetak, frå direktoratet for mineralforvaltning datert 31.05.2017
 - b. Oppstart planarbeid – Bråten massetak (M2), gnr.24 bnr.23, frå Statens Vegvesen, datert 05.04.2017
 - c. Varsel om oppstart, uttale kulturminner, frå Buskerud fylkeskommune, datert 28.04.2017
 - d. Uttale til varsel om oppstart frå Fylkesmannen i Buskerud
 - e. Uttale frå Mattilsynet Nordre Buskerud, Hadeland og Valdres, datert 03.04.2017
 - f. Uttale frå hytteeigar Suphammer og Kristiansen, datert 27.04.2017
7. Støyvurdering Bråten massetak frå Sweco, datert 02.06.2017

8. Risiko og sårbarhetsanalyse, Bråten fjelltak (M2), datert 22.01.2018
9. Diverse plan og lengdeprofiler frå Viken skog SA, datert 04.12.2017
10. Illustrasjon avkøyning offentleg veg frå Hallingkonsult, datert 19.01.2017
11. Profiler driftsplan, tegn. 201 og 202 frå Hallingkonsult, datert 12.12 og 13.12.2017
12. Avslutningsplan, tegn. 901, frå Hallingkonsult, datert 13.12.2017
13. Forurensingsforskriften, Kapittel 30, Forurensing frå produksjon av puk, grus, sand og singel
14. Veiledning frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), oppdatert 06.12.2017
 - a. Søknad om driftskonsesjon
 - b. Bergteknisk ansvarleg
 - c. Økonomisk sikkerhetsstillelse
15. Fakturagrunnlag, datert 22.01.2017
16. Kommuneplanens arealdel, 2011 – 2023
17. Diverse kartskisser utarbeidd av Utbyggingsavdelinga, datert 15.02.2017

Saksopplysningar:

På vegne av Arne O Bergli har Hallingkonsult utarbeidd forslag til reguleringsplan for fjelltak også kalt massetak på eigedomen gnr.24 bnr.23 i Åsgardane i Gol.

Massetaket er avsett som område for råstoffutvinning i kommuneplan for Gol. Etablering av massetak kan berre skje etter godkjend reguleringsplan, jf. plankrav i samsvar med plan- og bygningslova § 11-9 nr.1

Gjennom oppstartmøte er det gjort merksam på visse justeringar i høve lokalisering i kommuneplan. Område for massetak er om lag lik i storleik av det som er avsett til råstoffutvinning. Heile arealet er forskjøvie noko vest/sørvest. Grunngeving for detta er at etter grunnundersøkingar er halvparten av M2 området i kommuneplan dårleg egna som uttaksområde som følgje av topografi. I tillegg er det eit bekkeløp som går tvers gjennom område. I forslag til ny avgrensing av uttaksområde vil bekkeløp med tilhøyrande kantsoner vera urørd. Uttaksområdet ligg i tillegg lengre frå bustader og hytter i området. Positivt med tanke på innsyn og støy.

Uttaksområdet RU1 har ein storleik på 26 da, mens heile planområdet er om lag 50 da. Arealformål er steinbrudd/massetak, LNF(R), veggrunn, anna bebyggelse og anlegg, grønstruktur og køyreveger. I volum er det om lag 180 000m³ faste masser, med planlagd uttak på om lag 10 000m³ fast masse i året. Det er planlagd uttaksaktivitet i ein periode på om lag 18 år. Eksisterande areal er skog og skogsbilveger. Området for uttak er allereie hogd.

Planoppstart er varsla 13.03.2017. Det er kome slike merknader til varslinga

Merknader/Fråsegn:

Kommentarer

<p><u>Direktoratet for mineralforvaltning:</u></p> <p>DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar. Dei er også godkjenninginstans for konsesjon og driftsplan. Forventer at planskildringa</p>	<p>Det blir vist til planbeskrivelsen, saksdok.nr.3 Utgreiingar i høve miljø, landskap, støy og støv osb. går fram av pkt.6</p>
--	---

<p>inneheld ei grundig utgreiing om ressursen og korleis uttaket vil påverke omgjevnaden.</p> <p><u>Fylkesmannen i Buskerud:</u></p> <p>Ber kommunen vurdere konsekvensutgreiing for tiltaket då massetaket berre delvis er i samsvar med kommuneplanen. Påpeiker likevel at uttaksvolum ligg langt under tiltaksgrense som er sett i KU forskriften.</p> <p>For å forsvare flytting av arealet bør planområdet utvidast slik at tilsvarande utvida areal blir tilbakeført LNF-område.</p> <p>FM ber særleg at vassdragsinteressene blir synleggjort og ivareteke. Overvann og avrenning frå massetaket må vurderast og tiltak mot uheldig avrenning må sikrast.</p> <p>Fylkesmannen kommenterer også forurensingslova § 11, som handlar om kva verksemdar som må ha særskilt utsleppsløyve frå FM</p> <p>Minner om utgreiing av dei miljørettslege prinsipp §§ 8 -12 i Naturmangfaldlova</p> <p>Driftstider for transport kan med fordel vera ein del av generell føresegn om tidsbegrensning</p>	<p>Kommunen ser ikkje behov for konsekvensutgreiing då planbeskrivelsen er godt dokumentert på alle dei tema som også ein KU tek for seg.</p> <p>Er i vareteke. Opphøveleg areal avsett til massetak i kommuneplan er i reguleringsforslaget regulert som LNFR område</p> <p>Juridisk føresegn pkt. 1.2 regulerer dette. Område Ab1 er hovedfangarm for drenering av støv, slam og overvann for uforutsett forureining av massetaket. Laveste planium (traubunn) skal vera minimum 1 meter lågare enn fjelltakets planum. Skal det etablerast andre midlertidige eller permanente fangdammer skal desse også drenerast til Ab1. Jf. dessutan planbeskrivelsen pkt. 3.3, kommentarer til innkomne merknader og tema i beskrivelsen pkt. 6.1.1, 6.1.3 – 6.1.6.</p> <p>Det vil vera FM sjølv som sannsynlegvis under offentlig ettersyn vil kreve eit slikt løyve. Jf. elles kapittel 30 i forurensingsforskriften – Forurensing frå produksjon frå pukk, grus , sand og singel.</p> <p>Planframstiller meiner planbeskrivelsen skildrar i tilstrekkeleg grad kva som er registrert i forhold til å klargjøre området med omsyn til spesielle kvalitetar for flora og fauna. Planfremmar meiner kunnskapsgrunnlaget står i forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.</p> <p>I tidlegare massetak har kommunen sett ei avgrensing også for transport. I tillegg har det ikkje vore tillat med sprenging og knusing i heile juli månad.</p>
<p><u>Statens Vegvesen:</u></p> <p>Påpeiker at ny verksemd fører vanlegvis til auka trafikkbelastning i kryss og avkøyringar. Tilhøve til mjuke trafikantar og skuleveg må vera avklart.</p> <p>Vegvesenet vil at planområdet skal utvidast slik at det også omfattar adkomsten fram til</p>	<p>Kommunen trur ikkje dette vil vera eit høgt konfliktnivå. Det er minimalt med husstandar i området. Ligg om lag 6 km frå Gol tettstad.</p> <p>Planområdet er så langt ikkje utvida til å gjelde også adkomsten. Planframstiller syner til</p>

<p>fylkesvegen.</p> <p>Krev at adkomsten må tilfredstille vegnormalane</p> <p>Det må gjerast tiltak for å hindre tilgrising av fylkesvegen.</p>	<p>planavgrensinga i varslinga. Utviding av planområdet vil muligens måtte bety ny varsling? Kommunen lesar likevel vegvesenet sine kommentarar slik at dette aleine ikkje vil påreikne motsegn. Det er utarbeidd eit eige temakart som syner avkøyring til Fv, med målsette frisktsonar m.meir</p> <p>Er førebels ikkje kommentert av planframstiller, kommunen meiner dette er sjølsagt.</p>
<p><u>Buskerud Fylkeskommunen, Utviklingsavdelinga</u></p> <p>Kulturminneregistreringar er gjennomført i 2014.</p> <p>Ber om at standard føresegn blir innarbeid.</p>	<p>Henvising til kulturminnelova er allereie innarbeid.</p>
<p><u>Mattilsynet Hallingdal</u></p> <p>Ser ikkje at tiltaket har betydning for vannforsyning til bustader. Ingen merknad</p>	<p>Ok</p>
<p><u>Hytteeiagarar i området</u></p> <p>Fornøgd med at massetaket flyttast lengre vekk frå eigedomen.</p> <p>Ber om det fokuserast på driftstider, støy, skjerming og miljøbelastning generelt.</p>	<p>Planframstiller meiner sjølv syner at det er innarbeidd tiltak som skal reduserer uheldige verknader som følgje av tiltaket.</p> <p>Det er forslag til driftstider for knusing og uttak av masser. Det r derimot ikkje forslag om eigen driftstider for transport.</p>

Fleire saksopplysningar er gitt i planbeskrivelsen og merknader til varsel om oppstart, jf. saksdok. nr. 3 og 6.

Forhold til overordna plan:

Kommuneplan for Gol 2011 – 2023, K-sak 75/12, datert 11.11.2012. område er avsett til massetak med nemninga M2. Etablering av nye massetak kan berre skje etter godkjend reguleringsplan. Direktoratet for mineralforvaltning skal involverast i planarbeidet og godkjenne driftsplan. Jf. kommuneplanens føresegn 1.1

Miljøkonsekvenser:

Planbeskrivelsen har eit eige avsnitt med ulike miljøtema. Eit massetak vil alltid føre til negative konsekvensar for landskap. Diverse avbøtande tiltak vil minske konsekvensane.

Miljømessige prinsipp i Naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde. Planframstiller syner til prinsipp om at kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er ivareteke gjennom føresegnene. Det er gjort registrering og søk i miljødirektoratet naturdatabase utan at dei er

linka opp mot dei miljørettslege prinsipp. Næraste registrering i miljødatabasen er krattsoleie som er klassifisert som NT (Nær truga).

Kommunens miljøvernrettleiar kan bekrefte at det ikkje er vilt- eller trekkruiter som er berørt av tiltaket.

Konsulentfirma SWECO har gjennomført og berekna eigen støyanalyse for tiltaket. Støyanalysa har slik konklusjon:

Konklusjon

Ved boring tilfredsstilltes støygrensen $L_{den} = 55$ dB, ingen tiltak er nødvendig.

Ved knusing må støy fra knuser skjermes med støyvoll eller bruddkanter når knuseren står i nordøst og det er frisikt fra øverste delen av knuseren til hytta på eiendom 9/125. Generelt bør knuseren innenfor hele uttaksområdet plasseres slik at den avgir minst mulig støy til omgivelsene.

Støykrav i kapittel 30 i Forurensingsforskriften tilfredsstilltes med de tiltakene som er beskrevet over.

Resulterende støykote for boring og knusing er vist i vedlegg 3.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Det er utarbeidd eigen risiko og sårbarhetsanalyse for Bråten Fjelltak . Det er opplyst et det er nytta standard sjekklister, men ikkje vist til direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap.

Oppsummering er slik:

Det kan ikke kreves absolutt visshet om at faresituasjon ikke vil oppstå eller at vesentlig ulempe ikke vil forekomme. Ut fra tilgjengelig kunnskap er det ikke avdekket forhold som tilsier at reguleringsplanen kan forårsake endringer som kan medføre en uakseptabel risiko for menneske, miljø eller materiell.

Viktigste enkelttiltak vil være sikring av uttaksområdet/bruddkant. Dette hensynet er søkt ivare tatt gjennom forslag til bestemmelser.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen direkte økonomiske konsekvensar utanom vanlege skatter og avgifter. Gebyr er sendt ut etter gebyrregulativ pkt. 3.50, *Basisgebyr for behandling av reguleringsplan*, gebyret er registrert innbetalt. Vi er kjend med at massetak kan illeggjast eigedomsskatt etter lov om eigedomsskatt, klassifisert som verk og bruk.

Ei målsetting med minerallova er å sikre at uttaksområder blir forsvarleg rydda og sikra. Direktoratet kan difor krevje økonomisk sikkerhetsstilling som sikrer at nødvendig sikring og opprydding blir gjennomført, særleg i dei tilfelle verksemda ender i konkurs eller tvangsoppløysing. Ei slik finansiell sikkerhetsstilling med t.d bankgaranti er ei sak mellom utbyggjar og direktoratet for mineralforvaltning.

Vurdering:

Planområdets arrondering er endra noko i høve kommuneplanens arealdel. Uttaksområdet blir liggjande lengre ifrå både bustader og hytter i aust, noko som er positivt både med tanke på innsyn, støy og anna forureining. Endringa i planens avgrensing er vurdert i forhold til KU-forskrifta. Det er ikkje forventa at planen fører til vesentleg verknad for miljø,- natur og samfunn.



Massetakets plassering i høve kommuneplanen, Planid: 2009007

Resterande del av M2 i kommuneplanen avsett til råstoffutvinning, er vist som LNFR i planforslaget. Dette er i samsvar med anbefaling frå Fylkesmannen.

Rådmannen meiner planen er godt gjennomarbeid der forhold knytt til landskap, vannforekomster, sikring og forureining er forsøkt tilstrekkeleg belyst. I massetak i seinare tid har tema mellom anna vore driftstider for transport og utkøyring og feriestenging i juli. Knusing og sprenging i juli kan med fordel unngås med tanke på hytter og aktivt friluftsliv. Driftstider for transport og utkøyring kan også med fordel vera gitt dei same driftstidene som andre regulerte massetak, t.d Fjerdingsbekkhaugen og Raudberget masseuttak.

Rådmannen si innstilling:

Utval for Natur og næring vil med heimel i §§12-10 og 12-11 i plan- og bygningslova legge detaljregulering for Bråten massetak (M2,) Planid 2016005 ut på offentlig ettersyn med slike endringar i kart og føresegner:

I

Føresegner:

§1.1, bokstav 1 skal ha slik ordlyd:

Opplasting og utkjøring kan skje fra 07.00 til 20.00 men ikke på søndager og helligdager. Sprenging/knusing skal ikke skje i juli måned

Føresegnene må supplerast på ein slik måte at tilgrising av FV 51 ved transport av masser unngås.

Kart:

Plankartet skal påførast Planid: 2016005

II

Samla uttak av mineralforekomstar over 10 000 m³ krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning. Søknad om konsesjon skal innehalde driftsplan. Driftsplanen skal fastsetje utforming og rekkefølge for gjennomføring av tiltaket i samsvar med rammer gitt i reguleringsplan.

III

Det delegerast til rådmannen å foreta redigeringsmessige endringar i kart og føresegner før offentleg ettersyn.

20.02.2018

Hanne Cecilie Nes
Avdelingsleiar

Svein Eide
Kommunalsjef